



Stavang -

ein unik komposisjon av arkitektur og natur: Vikafjellet i nord, Hornfjellet i aust, Nova i sør, og havet i vest – eit miljø med ei brei naturleg ramme. Midt i Stavang ligg ein open plass med vakker arkitektur: Haavetunet, Stavang kyrkje og Stavang Marina.



Natur og dyreliv i Stavang

Særpreget ved naturen i Stavang er den nære kontakten til sjøen i eit område med mange øyar, holmar og skjer – ein idyllisk vestlandsk skjergard. Det er skjerna og lunt samtidig som det er kort avstand til Brufjorden og storhavet utanfor. Det er eit svært solrikt område, ingen høge åsar eller fjell stenger for sola. Dyrelivet ber sterkt preg av gruntområda i sjøen. Slike

område gjev stor produksjon med rik marin fauna, som er attraktivt for sjøfugl og sjøpattedyr. På holmane finn ein hekkande ærfugl, tjeld, hegre, måsar og grågås. Stundom ser ein også den majestetiske havorna komme seglande, det er ikkje langt til næraste hekkplass. Det er også ein gammal hekkelokalitet for makrellterne, men her har det ikkje vore hekking dei siste åra. Ver merksam på ilandstigingsforbod i sjøfuglkoloniar i hekketida!

I vinterhalvåret beitar fleire artar dukkender her, dessutan skarv og stundom lomvi. Området er også eit eldorado for oter, ein art som har hatt stor bestandsvekst siste mannsalderen. Samtidig har bestanden av mink gått tilbake, utan at mange er lei seg for det, sidan mink og sjøfugl går dårleg saman. Oteren er derimot ikkje noko problem for sjøfugl, han jaktar så godt som utelukkande på småfisk og krabbar på grunt vatn.

Stavang er eit ideelt utgangspunkt for fritidsfiske i sjøen fordi ein med båt kan gå i alle retningar, anten ein likar småfiske på grunt vatn mellom holmane eller vil prøve seg på djupare vatn ute i fjordane. Dersom ein er heldig, treff ein også på våre minste kvalar, nisene, som er vanlege her. Men då bør ein slå av motoren og lytte etter pustinga deira, som er lett å høyre på stille sommarkveldar.

Eldre historie

FORNMINNE

AUSEVIK
BERGBILETE FRA STEINALDER/BRONSEALDER

Helleningsfeltet i Ausevik er eit av dei største i Sør-Noreg. Meir enn 300 bilete er hogne inn i berget her.

Det vanlegaste motivet er hjortefigurar. Mange har eit linemønster inne i kroppen. Dette blir tolka som magiske teikn.

Her finst og geometriske teikningar, som t.d. sirklar, groper og grupper av linjer. I tillegg er her nokre få skjematisk menneskefigurar.

Dyrefigurane tyder på at hjortejakt må ha vore svært viktig for folka som laga desse bergbileta. Truleg ein gong i yngre steinalder eller bronsealder (Yngre steinalder daterast til tidsrommet 4000-1800 f. Kr. bronsealder til 1800-500 f. Kr.) Kanskje har plassen her vore ein samlingsstad der jegerane møttest og laga bilete i samband med religiøse seremoniar.

Alle fornminne er freda i medhald av Lov om kulturminne av 9. juni 1978. Det er såleis forbode å skade eller skjemma fornminne.

Bergbileta blir lett skadde av slit. Det er derfor forbode å gå på berget der bileta finst. Vi ber elles alle som vitjar staden hjelpe oss å halde området ryddig.

Historisk museum, Bergen





Gravrøysene i Stavang

I Stavang finst det over 7 gravrøysar frå bronse- og jernalderen: to av dei ligg ytst på Langeneset, to andre og ein steinsirkel ligg på Skjeljevikneset mellom Stavang og Standal. Steinsirkelen var truleg nytta til å ofre dyr til "overmaktene". Den største røysa ligg i Steinavågen, opphavg med ein stor bautastein på toppen.

Skjeljevikneset er eit klassisk døme på plassering av gravrøysar, og dei som levde på denne tida var truleg bu-sette på marka i Skjelvika. Alle røysene ligg på nes, noko som tyder på at folket ønskte å ha oversyn over fjorden, landet og mulege fiendar.

Frå Munkelives jord til storgardar

I 1427 var Stavang, "Selvikja" og "Stokkebekkjinn" Munkelives jord. Kring 1520 var garden Stavang delt mellom dei to mennene Torgeir og Håvard, som seinare frådelte garden til nye husmenn. I 1632 klagde mange av husmennene til "Øvrigheden" over for høg landskuld. Øvrigheden svarte med ei forordning av skattar og landskulda. I 1680 var Stavang "officersgård" og kapteinen fekk alle dei tidlegare militære småtollane. I 1701 sat strandsittaren Endre Sjurdsen på Kipperholmen, sør for Hellevika. Han var fattig og Hellevika skulda han for å drive med ulovleg sal av øl og tobakk. I 1752 var Stavang delt mellom to mektige menn : Johan Hendrik Helmer og Ludvig Martens (« Hellevik »). I 1801 var Stavang delt i 3 store gardar : "Hellevigen" med 5 familiar og 19 personar, "Stavang" med 10 familiar og 51 personar, og "Stavig" med 3 familiar og 15 personar.



Kyrkja i Stavang

Alt i 1360 var det kyrkje i Stavang. Ho er nemnd i Bjørgvin Kalvskinn. Frå Middelalderen og fram til slutten av 1800-talet låg soknekyrkja på Svanøy. I 1873 vart det bygd ny kyrkje for Bru i Stavang.

Kyrkja, som stod ferdig i 1873 og brann ned juledagsmorgon 1951, var ein staseleg bygning. Ho var teikna av arkitekt Eilert Christian Brodtkorp Christie og var nesten heilt lik Kyrkjebø kyrkje. Vesle Julaften 1951 slo lynet ned i spiret på kyrkja, som tok fyr og brann ned på under to timar. Nokre få gjenstandar vart berga, deriblant altertavla, som står i sakristiet i den nye kyrkja. Takka vere eit ivrande lokalt engasjement stod ei ny kyrkje ferdig i 1957. Kyrkja er enkel, vakker og stilrein. Ho var ei av dei første arbeidskyrkjene som vart teken i bruk, med eige kjøkken og forsamlingsrom.



Hellevik

Hellevik ligg ved Stongasundet, like nord for Stavang. Frå slutten av 1600-talet, i over 200 år, var det skysskifte, gjestegjeveri, tingstad, handelsstad og gardsbruk her.

Frå gammalt av var Furesundet ved Florø, Hellevika og Kinnasundet i ytre lei dei viktigaste trafikknutepunkta i Flora kommune. Med smulare farvatn enn lenger ute låg Hellevik gunstig plassert for båttrafikken frå Førdefjorden og nordover til Florø. Skysskaffarane i Hellevik hadde plikt på seg til å skaffe rorskarar når embetsfolk skulle skyssast langs kysten eller innover Sunnfjord.

Hellevik hadde også ei sentral rolle i det store kyrkjesoknet Bru. Frå mellomalderen og fram til 1872 stod soknekyrkja på Svanøy, og dit måtte folk reise heilt frå gardane lengst inne i Norddalsfjorden, Eikefjorden og Høydalsfjorden. Dei fleste reiste gjennom Stongasundet og passerte Hellevik tur/retur (« Kyrkja i Stavang »).

Den første kjende gjestgjevaren var Albert Pederson i 1682. I 1732 overtok danske Christopher Vibe og Martens-familien. Dei hadde handelsbrev på sal av tobakk, øl og brennevin. Vibe og stesonen Ludvig Martens dreiv som kremmarar og gjestgjevarar fram til 1785. På 1700-talet vart Hellevik tingstad, til liks med mange andre gjestgjevarstader, og Vibe var ofte brukt som sakfører av folk i distriktet. Hellevik var i Martens-slekta si eige til 1891. Då overtok John Hansson Snilstveit og det vart slutt på handelen og gjestegjeveriet.

I dag er dei fleste av dei 10 bygningane borte. Hovudhuset vart rive sist på 1980-talet.



Haavetun

Haavetunet ligg i hjartet av Stavang og består av den gamle Bårstova, våningshuset, stabburet, Nyeløa og hagen. Sidan 1855 har Haavetunet vore den største garden i Stavang med gardsbruk, skogsdrift, sagbruk og høvleri, kvern, fiskemottak, salteri, skysstasjon, butikk og postobneri.

Hellevika og Slekta Martens var spiren til saga om Haavetunet : I 1855 gifta Anders Nielsen Haave seg med Anne-Bolette Martens, 2en dotter av Ludvig Martens. Anders og Anne-Bolette kjøpte garden Haavetun, og dei bygde nytt våningshus, kvern, tre demningar, driftsbygning og notebu. Haave var haugianar, salmediktar og ein høgt skatta felespelar.

I 1883 overtok sonen, Nicolai, garden. Han bygde Prestegarden og eit sagbruk, drive med vasskraft frå Storelva, og starta postobneri og salteri. Han arbeidde som gardbrukar, fiskar, dampskipseks-peditor, postopnar og møllar. Sonen, Anders, starta butikk og laksemottak på « Gamlebua ». Han var poststyrar og innreia postkontor i etasjen over butikken. Han dreiv også ein skyssbåt, bl.a. for kona, Malene Haave, som var jordmor og ei kjærleg husfrue i Haavetunet.

I 1952 vart eldste sonen deira, Nicolai, ny eigar av Haavetunet. Han dreiv sagbruket/høvleriet, skogsdrift og gardsbruk og bygde ny sag på Ospeneset. Han bygde på våningshuset med arker og innreia fleire rom. Nic. var gift med dyrlege I.-J. Jebsen. I 1986 overlet Nic. garden til brorsonen, Anders Haave, som i dag driv sagbruket og butikken.



Gamlebua og Stavang Marina

Gamlebua ved Stavang Marina blei oppført av Anders N. Haave. Haavebua vart bygd som note- og fiskarbu, då fisket var den store aktiviteten, i tillegg til vanleg gardsdrift. Bua fungerte lenge som fiske-mottak : Vårsildfisket var ei viktig inntektskjelde på den tida, då mange hadde fisket som sesongarbeid. Her var også laksemottak, og i det rike torskefisket blei her salta, tørka og isa fisk som blei eksportert.

I 1880-åra vart det etablert butikk her. I 1927 opna Anders Haave postkontor. Fram til 1950 (både i og utanom opningstida) fekk folk henta posten på Gamlebua. Butikken la ned drifta i 1984. Arkitekturen er stavhuskonstruksjon i ein og ein halv etasje.

Krambua

på Stavang Marina vart oppført i 2000 på eit 14 dagars kurs i grindbygging. Huset blei premiært med ein byggeskikkspriis frå Flora kommune.



Tenester og fasilitetar:



Daglegvarer

Nærbutikken like innanfor kaia fører daglegvarer. Her er også post og bensinpumpe.



Butikken er open måndag til fredag 09:00- 16:30, lørdag 09:00- 14:00, og søndag 15:00- 17:00.



Kontakt: tlf. 57 74 85 12



Stavang Marina

Stavang Marina er ein populær møtestad for båtfolk og andre tilreisande, og ein god stad for arrangement, blåturar etc.



På første nivå har vi pub med skjenkeløyve for øl og vin. På loftet har vi lyse og trivelege lokale vel eigna for samkome. Godt med sitteplassar. Ute er det godt med sitteplassar og eit ope miljø. Stavang Marina har eit sanitæranlegg med WC, dusj og ei vaskemaskin. Opningstider ved Stavang Marina og på www.stavang.no.



Kontakt: tlf. 57 74 64 44



Leidulf Grytten - skyssbåtservice i Stavang

Båten er ein Norwest 1100, som er sertifisert for inntil 20 personar. Det er ein flott passasjerbåt med gode seter og høg komfort.

Kontakt: tlf. 94 57 89 39 / 57 74 85 15



Overnatting

Kontakt Bru:er for informasjon (sjå "kontakt", siste side).

Attraksjonar:



Gardsmuseet i Stavang

Museet ligg i ein renovert fjøs ved Haavetunet. Det inneheld arbeidsreiskapar og bruksgjenstandar, dei eldste frå 1850-åra. Dersom ønskeleg får du omvisning og kaffi.

Kontakt: tlf. 90 60 86 00



Gamle ferdselsstiar

Den mest sentrale er « Gamle Nesavegen » som ligg mellom Kloppemyra og Stavangkrysset. Andre del av ferdselstien går austover fra nordsida av Stavang tunnelen, over garden Stokkebekk og opp i fjellet. Det går ein sti fra garden Stavik og heilt til Standal. Dette er den best bevarte av dei 3 stiane. Obs! Ingen av stiane er merkte.

• Produkt

Stavang brosjyra
turkart for Stavang
ferdaminne

Overnatting

Lunsjpakke: "klar til å ta med"
Servering: lunsj og middag ved Krambua

• Kulturguiding

Stavang Kyrkje

Fornminna på Langeneset/ Skjelvikehågane, Steinavågen

Gjestgjevarstaden Hellevik

Helleristningsfeltet i Ausevik

Stafangr

guida tur frå Stavang sentrum

Stavang plassen

Butikk og trelast

næring

Fornminna på Skjelvikehågane

natur, historie

"Stavangs ramme"

natur: dolomittmarmor (stein), flora/ fauna, bær, sopp, dyreliv

Vinddalsfjellet

naturressursar: skog, Storelva (mulegheit for vasskraft),

kulturlandskap: skogsveg/ tursti, bruer

Gjestgjevarstaden Hellevik

historie, kultur, næring, kommunikasjon, arkitektur,

Brennene/ Vikafjellet

utsyn, turveg, varde

Stavang

Haavetunet

historie, arkitektur, posisjon

Nyeløa

gardsmuseum

Stavang kyrkje

historie, arkitektur, musikk

Stavang Marina

kommunikasjon

Gamlebua og Krambua

kultur, historie, arkitektur

Båt Stavang Marina:

for omvisning

Svanøy – Ausevik – Kinn

Bru:er -

ei reiselivbedrift som tilbyr natur, kultur og aktivitet i Bru.
Med historie, tradisjonar og lokalkunnskap kastar vi lys over
det genuine i området. Bru:er vender seg til lokalbefolkninga,
turistar, barn og vaksne etc.

Notat:

• Natur

Stavang kontur

guida tur frå Stavang sentrum

Brennene

N

Vikafjellet

Vassdalshaugen

NA, Rv 611

Hornfjellet

A

Nova

S

Langeneset

V

padling til Stavang Marina (valfri)

Stavang Marina:

guiding til

Velteplassen (Stavang aust)

utsiktstur, ÷ halvdag

Hornfjellet (varden)

utsiktstur, + halvdag

Skålefjellet (varden)

Store Høydal

langtur

Yste Håsteinen

Inste Håsteinen

Inste Håsteinen/ Yste Håsteinen

Øvre Standal

ekstremtur

tur i kulturlandskap

Kirkesteinen (Skålefjellet)

Stølsvatnet

Yste Håsteinen

60 min. Sightseeing

Staviknipa, Åsen, Vikafjellet, elva i Nedre Standal

Fisketurar Stavang Marina:

“Galten” i Brufjorden

Svanøy

Kinn

fiske og evt. omvising

fiske og evt. omvising

Notat:

Info:

For meir informasjon kontakt Bru:er eller besøk www.stavang.no

I tillegg til guiding og munnleg informasjon, tilbyr Bru:er historietekstar om: Kyrkja, Hellevik, Haavetun, Gamlebua og andre som ikkje er med i denne brosjyra.

Kontakt:**Bru:er**

v/ André N. Haave

Kloppemyra

6944 Stavang

Tlf. 97 51 18 10

e-post: anhaave@hotmail.com



Brosjyra er støtta av næringslivet i Stavang.

Takk til:

Jan Standal (foto)

Anne-Lise Stenseth (design)

Bjørn Angell-Jacobsen (« natur og dyreliv i Stavang »)

Aldis Sund (« Haavetun »)

© Bru:er